



**Vågå**  
**kommune**  
**Landbrukskontoret for Sel og**  
**Vågå**

Det kongelige landbruks- og matdepartement  
PB 8007 Dep.  
0030 OSLO

**Melding om vedtak**

Att. Pål Vidar Sollie

**Vår ref.**  
2009/683/5/

**Dykkar ref:**

**Saksbehandlar**  
Per-Ivar Weydahl  
61293671

**Dato**  
12.01.2012

**Avvikling av ordninga med områdestyre - Melding om vedtak**

Hovudutval for teknisk, landbruk og naturforvaltning fatta følgjande vedtak i sak 3/12 den 10. januar 2012, høyringsuttale om avvikling av ordninga med områdestyre.

**Vedtak:**

Vågå kommune syner til saksframstillinga og rår Landbruks- og matdepartementet til å arbeide for at også Fylkesmannen i Oppland får tilført administrativt ansvar og ressursar på line med den organiseringa som er skissert for dei fem nordlegaste fylka.

Med helsing

Per-Ivar Weydahl  
Landbrukssjef



## Vågå kommune

Arkivsak: 2009/683 -4

Arkiv:

Saksbehandlar:

Per-Ivar Weydahl

Utv.saknr	Utval	Møtedato
3/12	Hovudutval for teknisk, landbruk og naturforvaltning	10.01.2012

### Avvikling av ordninga med områdestyre - høyring

#### Vedlegg:

Avvikling av ordninga med områdestyre – høring, frå LMD, 30.09.2011

Forslag til endringar i Lov om reindrift (reindriftsloven) av 1. juli 2007 – Høring (30.09.2011)

#### Saksframlegg:

Landbruks- og Matdepartementet har sendt på høyring forslag til endringar i reindriftsloven.

Det er foreslått å avvikle ordninga med områdestyra. Områdestyra har vore ein del av den offentlege forvaltninga av reindrifta i Norge sidan, 1979.

Det er foreslått å overføre områdestyras mynde til fylkesmenna, samstundes vil det parallelt skje ei administrativ overføring av dei lokale forvaltningskontora til fylkesmannen i dei fem nordlegaste fylka. Fylkesmannen vil dermed bli den statlege regionale fagmynde i offentleg forvaltning av reindrift.

Det sentrale nivået med reindriftsstyret og reindriftsforvaltninga i Alta skal vere som tidlegare, men skifte namn til Statens reindriftsforvaltning.

**Vurdering:**I oppland er det fire tamreinlag. To lag i Valdres og to lag i Ottadalen. Oppland er det nest største tamreinfylket i landet. Totalt er vinterflokken på ca. 11000 dyr. Produksjonen er totalt på ca. 200 000 kg reinskjøt. Dette er 10% av produksjonen i Noreg. I Vågå Tamreinlag er det ca 2300 dyr i vinterflokken. Tamreindrifta foregår i Jotunheimen med tilgrensande område. Tamreindrifta er ei viktig og tradisjonsbunden næring i Oppland.

Tamreindrifta nyttar store beiteareal. Tamreindrifta er lokalisert i Jotunheimen/Filefjell med tilgrensande område.

Det vil vere positivt at tamreindrifta får ein sentral plass hos fylkesmenna. Næringa nyttar store areal, og i samband med arealsaker, verneprosessar og liknande vil det vere ein fordel at fylkesmannen har stor kunnskap om næringa.

Slik forslaget ligg føre, er det berre dei fem nordlegaste fylka der fylkesmannen skal tilførast administrativ ressurs. Vi ser det som positivt at fylkesmenna i dei fem nordlegaste fylka får administrativt ansvar og ressursar for reindriftsnæringa. Også Fylkesmannen Oppland, som det nest største reinfylket i landet, bør få tilført administrativt ansvar og ressursar på lik line med dei fem nordlegaste fylka. Når fylkesmannen i Oppland ikkje er tiltenkt korkje ressursar eller mynde må denne ivaretakast av ein annan fylkesmann. Dette ser vi som lite hensiktsmessig. Det er viktig at både mynde og administrative ressursar ligg i det fylket der næringa er.

**Rådmannens innstilling:**

Vågå kommune syner til saksframstillinga og rår Landbruks- og matdepartementet til å arbeide for at også Fylkesmannen i Oppland får tilført administrativt ansvar og ressursar på line med den organiseringa som er skissert for dei fem nordlegaste fylka.

**Saksprotokoll i Hovudutval for teknisk, landbruk og naturforvaltning - 10.01.2012****Behandling:**

Samrøystes som innstillinga.

**Vedtak:**

Vågå kommune syner til saksframstillinga og rår Landbruks- og matdepartementet til å arbeide for at også Fylkesmannen i Oppland får tilført administrativt ansvar og ressursar på line med den organiseringa som er skissert for dei fem nordlegaste fylka.